


NB noter
This music is copyright protected

**Kjell Habbestad:**

# NOAHS DRAUM

## ein fabel i sju bilete, op. 35

**Kjell Habbestad:**

# NOAHS DRAUM

**ein fabel i sju bilete, op. 35**

**for baryton og sopransolo,
skodespelar og jazzensemble**

NB noter
This music is copyright protected

**Tinga av Kirkedagene i Fredrikstad, 1993,
finansiert av Det Norske Komponistfond**

# INDEX


**PROLOG**, s. 1

**I SKAPARVERKET**, s. 1
1 Meg skapte Herren fyrst av alle sine verk (4'00), s. 2
2 Himlane er skapte ved Herrens ord (3'00), s. 10
3 Han grunnfeste jordi med visdom (2'30), s. 15
4 Herren er namnet hans (2'30), s. 20

**II VATNET — DYRKINGI**, s. 26
5 Som regnet risle mi læra (2'00), s. 27
6 Vell opp du brunn! (2'30), s. 31
7 Øydemarki og turrlendet (2'30), s. 36
8 Kor fagre tjeldi dine er, Jakob! (2'00), s. 42

**III FRÅFALLET**, s. 46
9 Veks sevet anna enn i myr? (2'15), s. 47
10 Nimrimsvatni (2'45), s. 51
11 Du var ein seder på Libanon (4'00), s. 56
12 Eg er runnen ut som vatn (4'15), s. 65

**IV FRELSESPLANEN**, s. 70
13 Eg vil venda meg til Gud (1'15), s. 71
14 Den som no vil høyra desse ordi mine (2'15), s. 75

**V SYNDFLODI**, s. 80
15 Høyr brusen av mange folk! (2'00), s. 81
16 Fjelli brånar under føtene mine (3'00), s. 86
17 Hjarto våre ropar til Herren (3'15), s. 93

**VI BERGINGI**, s. 99
18 Vatni såg deg, Gud (2'00), s. 101
19 Eg fann meg utpå djupet (2'30), s. 102
20 Eg kjende han ikkje (3'15), s. 111
21 Han er den som kom med vatn (1'30), s. 118

**VII LOVNADEN**, s. 121
22 Straks vart eg burtrykt i åndi (2'00), s. 123
23 Fer eg gjenom vatn (2'15), s. 128
24 Alle mine kjeldor er i deg (3'15), s. 134
25 Eg skal få døy i reiret mitt (2'30), s. 139


# DURATA:

**1t. 5 min.**

NB noter
This music is copyright protected

# PROLOG

NAOMI:
Og Noah var jorddyrkar,
og han var den første som planta ein vinhage.
Og han drakk av vinen og vart drukken,
og so klædde han seg naken
midt inni tjeldbui og sovna der.

# I SKAPARVERKET

NOAH:
*Meg skapte Herren fyrst av alle sine verk,*
*fordom, før han gjorde noko anna.*
*Frå æva hev eg vorte til, frå opphavet, før jordi var.*
*Før djupi var til, vart eg fødd, før det fanst kjeldor*
*fulle med vatn.*
*Før fjelli vart søkkte ned,*
*før haugane vart til, vart eg fødd*
*før han hadde skapt jord og mark*
*og den fyrste moldklump i verdi.*
*Då han bygde himmelen var eg der,*
*då han slo kvelv over djupet.*
*Då han feste skyene i det høge,*
*då han batt kjeldone i djupet,*
*då han sette grensa for havet,*
*so vatnet ikkje gjeng lenger enn han byd,*
*då han la grunnvollar for jordi -*
*då var eg verksmeister hjå han,*
*og eg var til hugnad for han,*
*dag etter dag, eg leika meg stødt for hans åsyn.*

NB noter
This music is copyright protected

# 1 Meg skapte Herren




NB noter
This music is copyright protected




NB noter
This music is copyright protected




NB noter This music is copyright protected



NB noter
This music is copyright protected




NB noter
This music is copyright protected


59
mp
då han la grunn - vol - lar for jor - di då var eg verks - meis -
mp
Dm G Am
62
mf
ter, verks - meis - ter hjå han,
(improv.)
f
F E Dm G
65
p
og eg var til hug - nad
p
Dm
68
mp
for han, dag et - ter dag, eg lei - ka meg stødt
G C Dm E F G
NB noter
This music is copyright protected




NB noter
This music is copyright protected

NAOMI:
Og jordi var aud og øydi,
og myrker låg over det store djupet;
men Guds Ande sveiv over vatni.

HERREN:
Det verte ein vid kvelv midt i vatni;
han skal skilja vatn ifrå vatn.

NAOMI:
So gjorde Gud kvelven
og skilde vatnet som er nedunder kvelven,
frå det vatnet som er uppover kvelven.
Og Gud kalla kvelven himmel.

NAOMI:
*Himlane er skapte ved Herrens ord,*
*og all deira her ved hans munns ande.*
*Han samlar havsens vatn som ein dunge,*
*og legg dei djupe vatn i opplagshus.*
*Han breider Nordheimen utover audni,*
*han hengjer jordi opp på inkje.*
*I sine skyer bind han vatni saman,*
*og skyene brest ikkje under dei.*
*Han stengjer att so ingen ser hans kongsstol,*
*han breider sine skyer over han.*
*Ei grensa dreg han i ein ring på vatni,*
*langt ute, der ljos og myrker møtest.*
*Og han gjer myrker til sitt skyle,*
*ja, til åklæde rundt ikring seg,*
*myrke vatn, veldige skyer,*
*hagl og gloande kol.*

NB noter
This music is copyright protected

# 2 Himlane er skapte ved Herrens ord






NB noter
This music is copyright protected




NB noter
This music is copyright protected


41
Cmaj7 Am7 Fmaj7 G13 (♭13) Cmaj7 Am7(add9) Am/F♯ H7(♯5) Em7 Am7(add9)
46
mp
Og han gjer myr- ker
D7(add9) H7(♯5)(♭9) Cmaj7 F13 Gaug7/G♯ Am7 Dm7(add9) G7(♭9) C9 Am7
51
til sitt sky- le,
mf
ja, til eit å- klæ- de rundt i- kring seg,
f
myr- ke vat- ten,
Fmaj7 G13 Cmaj7(add9) Am7 C/F♯ H13 Em7 Cm9
55
vel- di- ge sky- er,
mp
myr- ke vat- ten,
vel- di - ge
mf
hag- gel og glo- an - de kol.
Fmaj9 B♭7(add9) E♭maj7 Cm(maj7) A♭7(add9) E7 Dm7 G13 Gaug(♭9) Cmaj9
NB noter
This music is copyright protected

NAOMI:
Då sa Gud:

HERREN:
Vatni under himmelen samle seg på ein stad,
so det turre landet kjem fram!

NAOMI:
Og det vart so.

NOAH:
*Han grunnfeste jordi med visdom;*
*han bygde himmelen med vit.*
*Ved hans kunnskap fossa vatnet or djupi,*
*og frå skyene dryp det dogg.*
*Han grunnfeste jordi på stolpane hennar,*
*ho skal ikkje bli rikka i æva.*
*Djupe vatn lagde du over som klæde;*
*over fjelli stod vatni.*
*For ditt trugsmål flydde dei,*
*for ditt toremål skunda dei seg bort.*
*Dei steig opp til fjelli, sokk ned i dalane,*
*til den staden som du hadde grunnfest.*
*Ei grensa som dei ikkje skal skrida over;*
*dei skal ikkje atter leggja seg over jordi.*

NB noter
This music is copyright protected

# 3 Han grunnfeste jordi




NB noter
This music is copyright protected




NB noter
This music is copyright protected




NB noter
This music is copyright protected




NB noter
This music is copyright protected

NOAH:
Kven hev målt vatnet i si hand

NAOMI:
og samla jordmoldi i skjeppa

NOAH:
og vege fjell på vekt?

NAOMI:
og haugar i vektskåler?

NOAH:
Kven for opp til himmelen, og ned att?

NAOMI:
Kven samla vinden i nevane?

NOAH:
Kven batt vatnet i eit klædeplagg?

NAOMI:
Kven sette alle jordheims grensor?

NOAH:
Kva heiter han, kva heiter son hans?

BEGGE:
Du veit det då!

NAOMI og NOAH:
*Han som skapte Sjustjerna og Orion*
*og gjer kolmyrkret til morgon og dagen til svarte natt,*
*han som kallar på vatnet i havet og auser det ut over jordi —*
*Herren er namnet hans!*
*Han renn opp so visst som morgonroden,*
*og han kjem til oss som regnet,*
*som eit vårregn som væter jordi.*
*Tru Libanon-snøen brånar bort på det høge fjellet?*
*Eller turkast dei opp, dei framande vatni,*
*dei svale, rennande?*

NB noter
This music is copyright protected

# 4 Herren er namnet hans






NB noter
This music is copyright protected




NB noter
This music is copyright protected




NB noter This music is copyright protected




NB noter The music is copyright protected




NB noter
This music is copyright protected

# II VATNET — DYRKINGI

HERREN:
*Som regnet risle mi læra,*
*som doggi drype mitt ord,*
*som skurer av regn på grøne groen,*
*som él på urter og gras!*

NB noter
This music is copyright protected

# 5 Som regnet risle mi læra




NB noter
This music is copyright protected


14
reg-net ris-le mi læ - ra, som dog - gi dry-pe mitt ord,
mp
Dadd9 Cmaj7 A9 C♯7(♯5) F♯m7 B13 E9 A13 A9 Bm7 Am9
18
f
som
(Improv.)
Dmaj9 Cmaj7 A9 C♯7(♯5) F♯m7 B13 E9 A13 A9 B11 B7(♭9)
22
sku-rer av regn på grø - ne gro-en, som él på ur - ter og gras!
f
mf
Em A/E Em Bm Em Em A/E Em Bm Em
26
mp
som
(Improv.)
Em A/E Em Bm Em Em A/E Em Bm Em




NB noter
This music is copyright protected

NOAH:
Det fanst endå ikkje ei grøn buska på jordi,
og endå hadde ikkje eit grasstrå runne.
For Herren Gud hadde ikkje late det regna på jordi,
og der var ingen mann til å dyrka marki.

NAOMI:
Då steig det opp eim or jordi og dogga all marki.
Og Herren skapte mannen av mold or marki
og bles livsens ande i nasen hans,
og mannen fekk sjel og liv.

NOAH:
Og Herren Gud bygde ei kvinna
av det sidebeinet han tok av mannen,
og leidde henne fram til han.

HERREN:
De skal veksa og aukast og fylla jordi
og leggja henne under dykk,
og råda over fiskane i havet
og over fuglane under himmelen
og over kvart dyr som røyver seg på jordi!

NB noter
This music is copyright protected

NA'AMI:
Og Herren Gud gjorde ein hage i Eden, langt aust.
Og Herren Gud tok mannen
og sette han i Eden til å dyrka hagen.

NOAH:
Og drengene mine grov der i dalen
og fann ei vass-år.
Sidan grov dei ein brunn og kalla han Rehobot
og sa: No hev Herren gjort det romt for oss,
so me kann veksa i landet.

*NOAH:*
*Vell opp du brunn! Helsa han med song!*
*Du brunn som hovdingar hev grave,*
*som dei gjævaste i folket hev bora med styrarstav,*
*med kongsstavane sine!*

# 6 Vell opp, du brunn!






NB noter
This music is copyright protected


29
G♯7 G♯m7 G♯/B B7
Emaj6 E(♯5)/A♯
C♯m/B A9(♭5)
Emaj7/B Amaj7 E/G♯ F♯m9
33
G13 E6 B7(♯5)
Emaj9 C♯m9
Amaj9 F♯m9
B9
37
mp
Vell
Emaj9 C♯m7
G♯7 B13 B7
C♯7 E13 E7
F♯7 A13 A7
41
opp, du brunn! Hel-sa han med song! Du brunn som hov - din-gar hev
mf
mp
Dmaj6 D(♯5)/G♯
Bm/A G9(♭5)
Dmaj7/A Gmaj7 D/F♯ Em9
NB noter
This music is copyright protected




NB noter
This music is copyright protected

HERREN:
Herren må de beda om regn!
Han er den som skaper torever,
og han sender fossande flodskurer,
so kvar mann fær grøda på si mark.

NAOMI:
Finst det vel nokon som kan skjøna
korleis skyhopar breier seg,
korleis det brakar frå hans tjeld?

NAOMI:
Han fyller skyene med væte
og breider sine eldingsskyer;
anten til tukt, når *det* kann gagna jordi,
eller til signing!

NAOMI og NOAH:
*Øydemarki og turrlendet skal gleda seg,*
*og den aude heidi skal fegnast og bløma som ei lilja.*
*Då skal den lame springa som ein hjort*
*og tunga åt den mållause jubla.*
*For kjeldor bryt fram i øydemarki,*
*og bekker på den aude heidi*
*og det gloande sandhavet skal verta til ein sjø,*
*og det tyrste landet til vasskjeldor;*
*på den staden der sjakalar låg og kvilde,*
*veks sev og røyr!*

NB noter
This music is copyright protected

# 7 Øydemarki og turrlendet




NB noter
This music is copyright protected


12
mf
lil - ja.
mf
Då skal den la - me
mf
Då skal den la - me
mf
E
F
16
sprin - ga som ein hjort og tun - ga åt den
sprin - ga som ein hjort og tun - ga åt den
20
mål - laus - e, mål - laus-e jub - la, jub - la, jub - la.
f
f
mål - laus - e, mål - laus-e jub - la, jub - la, jub - la.
f
B♭




NB noter This music is copyright protected


36
mf
sjø, ja, til ein sjø,
mf
og det tyr - ste
sjø, ja, til ein sjø,
mf
E
F
40
lan - det til vass - kjel
og det tyr - ste
f
lan - det til vass - kjel - dor;
mf
og det tyr - ste lan - det til vass - kjel - dor; og det tyr - ste lan - det til vass - kjel -
f
44
mp
på den stadendersja - ka - lar låg og kvil - de,
mf
veks
dor;
mf
veks
mp
E




NB noter
This music is copyright protected

NOAH:
Eg fullførde store verk:
Eg bygde meg hus, planta meg vingardar,
gjorde meg hagar og parkar
og sette alle slags frukttre i dei,
eg gjorde meg vassdammar
til å vatna ein skog av tre som voks opp.

NAOMI:
*Kor fagre tjeldi dine er, Jakob, dine bustader, Israel!*
*Som vide bekkedalar, som hagar attmed ei å,*
*som aloëtre Herren hev planta,*
*som sedrar attmed vatnet!*
*Herren leide deg alltid*
*og mette deg midt i øydemarki,*
*han styrkje beini dine,*
*so du vert som ein velvatna hage,*
*som ei rennande kjelda der vatnet aldri skal tryta!*

NB noter
This music is copyright protected

# 8 Kor fagre tjeldi dine er, Jakob




NB noter This music is copyright protected




NB noter This music is copyright protected




NB noter This music is copyright protected




NB noter This music is copyright protected

HERREN:
Lyder de no dei bodi eg gjev dykk i dag,
og elskar og tener de Herren dykkar Gud
av alt dykkar hjarta og all dykkar hug,
so skal eg gjeva landet dykkar regn i rette tid,
både haust og vår,
og du skal samla i hus korn og vin og olje,
og gras skal eg lata veksa på marki for buskapen din,
og du skal hava nøgdi av mat.

Men akta dykk at hjarta dykkar ikkje vert dåra,
so de fell i frå og tener andre gudar og tilbed dei;
for då logar Herrens harm opp mot dykk,
og han stengjer himmelen att so det ikkje kjem regn,
og jordi ikkje gjev grøda.

# III FRÅFALLET

NB noter
This music is copyright protected

NOAH:
*Veks sevet anna enn i myr?*
*Trivst storren der som vatnet vantar?*
*Om han enno stend grøn, og ingen skjer han;*
*visnar han før noko anna gras.*
*So gjeng det alle dei som gløymer Gud,*
*det dei stolar på er kongurvev.*

# 9 Veks sevet anna enn i myr?




14
mf
mp
Om han en - no stend grøn, og in-gen skjer han;
mf
mp
Gm
Gm(♭6)
Gm(maj7)
Gm(♭6)
18
p
vis - nar han før no-ko an-na gras.
pp
Gm
Gm(♭6)
Gm(maj7)
Gm(♭6)
NB noter
This music is copyright protected
22
mp
Am
Am(♭6)
Am(maj7)
Am(♭6)
26
mf
Gm
Gm(♭6)
Gm(maj7)
Gm(♭6)




NB noter
This music is copyright protected

NAOMI:
Jordi vart verre og verre i Guds augo,
og jordi vart full av urett.
Og Gud skoda jordi, og sjå; ho var utskjemd;
for alt kjøt hadde skjemt seg ut med si åtferd på jordi.

HERREN:
Tvo illverk hev mitt folk gjort:
Dei vende seg frå meg,
kjelda med det levande vatnet,
og hogg seg brunnar,
leke brunnar som ikkje held vatn.
Eg vil gjera vingarden til ei øydemark;
han skal aldri verta kvista eller graven,
so han gror full av torn og tistel,
og skyene vil eg bjoda
at dei ikkje skal senda regn over han!

NOAH:
Folket sender sine tenarar etter vatn;
dei kjem til brunnane men finn inkje vatn,
deira kjerald kjem tome attende.

NB noter
This music is copyright protected

HERREN:
Turk over vatni deira! Dei skal turkast opp.
For det er eit land med avgudsbilete!
Lat dei kverva som bortrennande vatn!

NAOMI:
*Nimrimsvatni vert øydemarker,*
*graset turkar opp, brodden visnar,*
*eit grønt strå er ikkje meir å sjå.*

# 10 Nimrimsvatni




NB noter This music is copyright protected




NB noter
This music is copyright protected




NB noter
This music is copyright protected




NB noter
This music is copyright protected




NB noter
This music is copyright protected

HERREN:
For di gudløysa skuld dreiv eg deg ut,
og framande, valdsmennene millom folki,
hogg deg ned og let deg liggja;
på fjelli og alle dalar fall dine kvister,
og greinene dine brotna sund attmed kvar ein bekk i landet,
og alle folk på jordi steig ned utor skuggen din.

*NAOMI og NOAH:*
*Du var ein seder på Libanon*
*med fagre greiner, ein skuggerik skog*
*og høg på vokster, og krona di nådde opp millom skyene.*
*Vatnet gjorde deg stor.*
*Vassdjupet gjorde deg høg.*
*På kvistene dine laga dei seg reir alle fuglar i lufti,*
*under greinene dine fødde alle dyr på marki sine ungar,*
*og i skuggen din budde alle dei mange folkeslagi.*
*Du var so fager!*
*I vyrdeleg storleik, med lange greiner;*
*for innmed roti der var det nøgdi av vatn.*

NB noter
This music is copyright protected

# 11 Du var ein seder




NB noter
This music is copyright protected


13
mp
mf
og høg på voks - ter og kro - na di nåd - de til
E9/G♯
Em7/G
17
sky - e - ne. Vat - net gjor - de deg stor.
F♯aug
F♯/E
B/D♯
G
21
Vass - dju - pet gjor - de deg høg.
f
Vat - net. Vat - net.
Vat - net, vat - net.
B/D♯
G
Gmaj7
(Improv.)
p
Bm(add9)
Bm(add9)
A
This music is copyright protected




NB noter
This music is copyright protected


(Noah):
p
På kvis-te-ne mi - ne la - ga dei reir, ja
p
C♯9/G C♯7(♭9) C♯9/G C♯7(♭9) C♯9/G C♯7(♭9) C♯9/G C♯7(♭9)
53
mp
og un - der grei-ne-ne di - ne fød - de
al - le fug-lar i luf - ti,
C♯9/G C♯7(♭9) C♯9/G C♯7(♭9) C9 F♯7(♭9) C9 F♯7(♭9)
57
dy - ri på mar - ki si - ne un - gar,
mf
i skug-gen min bud - de al - le dei man - ge
C9 F♯7(♭9) C9 F♯7(♭9) D9/F B7(♭9) D9/F B7(♭9)


61
fol - ke - sla - gi, man - ge fol - ke - sla - gi, man - ge
fol - ke - sla - gi, man - ge fol - ke - sla - gi, man - ge
mf
D9/F B7(♭9) D9/F B7(♭9) E9/A♯ E7(♭9) E9/A♯ E7(♭9)
65
fol - ke - sla - gi, man - ge fol - ke - sla - gi.
fol - ke - sla - gi, man - ge fol - ke - sla - gi.
f
E9/A♯ E7(♭9) C♯9/G C♯7(♭9) E9/A♯ E7(♭9) Bdim
70
p
Du var so fa - ger, so fa - ger!
p
F♯m(add9) F♯m(add9)/E
NB noter
This music is copyright protected




NB noter
This music is copyright protected




NB noter
This music is copyright protected

HERREN:
Tak staven og rett handi di utover vatni,
over elvane og veitene og tjørnene deira
og over kvar vassdam der er, so skal dei verta til blod,
og blod skal det vera utover heile landet,
både i trekoppar og steinkjer.

NAOMI:
Då døydde all fisken i elvi,
og det stod ein vond tev av henne,
so dei ikkje kunde drikka vatnet,
og det var blod i heile landet.

NOAH:
*Eg er runnen ut som vatn,*
*alle mine bein skilst frå kvarandre;*
*mitt hjarta er som voks, det smelter inst i mitt liv.*
*Mi kraft er oppturka som eit krusbrot,*
*mi tunga kleimer seg til gomen,*
*og du legg meg ned i daudens dust.*
*Kvi er mi liding æveleg,*
*og såret mitt ulækjande?*
*Det vil ikkje gro.*
*Du hev vorte som ein svikal bekk åt meg,*
*som vatn ein ikkje kann lita på.*
*Som vatnet holar steinen ut*
*og flaumen skolar moldi bort,*
*so gjer du mannsens von til inkjes.*

NB noter
This music is copyright protected

# 12 Eg er runnen ut som vatn




NB noter
This music is copyright protected




NB noter
This music is copyright protected




NB noter
This music is copyright protected




NB noter This music is copyright protected




NB noter
This music is copyright protected

NAOMI:
Men Herren såg at vondskapen var stor
hjå manneætti på jordi.

NOAH:
Då angra Herren at han hadde skapt menneskja på jordi,
og han var full av sorg i hjarta.

HERREN:
Eg hev sett meg fyre at eg vil gjera ende på alt kjøt.
For dei hev fyllt opp jordi med urett.
Og no vil eg øydeleggja både dei og jordi.
Og domen skal koma veltande som vatn.

# IV FRELSESPLANEN

NOAH og NAOMI:
*Eg vil venda meg til Gud*
*og leggja saki i hans hand,*
*han som gjer uransakelege storverk,*
*og so mange under at dei ikkje kann teljast.*

NB noter
This music is copyright protected

# 13 Eg vil venda meg til Gud



NB noter
This music is copyright protected


9
leg - gja sa - ki i hans
leg - gja sa - ki i hans hand, leg - gja sa - ki i hans
Am/E D/E Am/E
12
hand, u - ran -
hand, han som gjer u - ran - sa - ke - le - ge stor - verk, u - ran -
D/E Em A/E
15
sa - ke - le - ge stor - verk, u - ran - sa - ke - le - ge stor - verk, stor - verk, stor - verk,
sa - ke - le - ge stor - verk, u - ran - sa - ke - le - ge stor - verk, stor - verk, stor - verk,
A/E G/E A/E G/E G/A




NOAH:
Herre, hev du noko godvilje for meg,
so gjer vel å sjå innom åt tenaren din!

HERREN:
Sæl er den mann som ikkje gjeng i råd med ugudlege
og ikkje stend på veg med syndarar
og ikkje sit i sæte med spottarar,
men som hev si lyst i Herrens lov
og grundar på hans lov dag og natt.

NOAH:
Andletet mitt er raudt av gråt,
og daudeskugge ligg på augneloki —
endå det ingen urett finst i mine hender,
og endå bøni mi er rein!

HERREN:
Øyding er fastsett — ein flaum av rettferd.
Eg vil tyna menneskja som eg hev skapt,
og rydja henne ut av jordi,
både menneske og dyr og krek og fuglane i lufti;
— for eg angrar at eg hev skapt dei ...

NOAH:
Lat ikkje vassflodi fløyma yver oss
og ikkje djupet gøyma oss,
og heller ikkje brunnen lata att sitt gap over oss!

HERREN:
... *du* skal gjera deg ei ark av gofertre.
Med kovar og kot skal du innreida arki
og bræda henne med bek både innan og utan.
Soleis skal du gjera henne:
Tri hundrad alner lang skal arki vera,
og femti alner breid, og tretti alner høg. Øvst på arki ......

NAOMI:
*Den som no vil høyra desse ordi mine*
*og gjer etter dei,*
*han vert lik ein vitug mann som bygde huset sitt på berg.*
*Og regnet det sila, og elvane fløymde,*
*og vindane bles og sette imot huset; men det stod;*
*for huset var tufta oppå berg.*
*Men den som no høyrer desse ordi mine og ikkje gjer etter dei,*
*han vert lik ein fåvis mann, som bygde huset sitt på sand.*
*Og regnet det sila, og elvane fløymde,*
*og vindane bles og sette imot huset; og det datt.*
*Og det vart eit stort fall då det datt.*

NB noter
This music is copyright protected

# 14 Den som no vil høyra




NB noter This music is copyright protected




NB noter This music is copyright protected




NB noter
This music is copyright protected




NB noter
This music is copyright protected

HERREN:
Alt som er på jordi, skal døy.
Men med deg vil eg gjera ei pakt.
Du skal ganga inn i arki, du og sønene dine og kona di
og konone åt sønene dine med deg.
Og av alt som lever, alt kjøt,
skal du taka eit par av kvart slag med inn i arki.
Han og ho skal dei vera.
For om sju dagar vil eg lata det regna på jordi
i fyrti jamdøger, og rydja ut av verdi
kvart liv eg hev skapt.

NAOMI:
Og Noah gjorde so;
han gjorde i alle måtar so som Gud sa han føre.

-------------

**PAUSE**

NB noter
This music is copyright protected

# V SYNDFLODI

NOAH:
Gå opp du, og sjå utover mot havet!

NAOMI:
Det er ingen ting å sjå!

NOAH:
Gå opp att!

NAOMI:
Sju gonger sa han dette.
Sjuande gongen sa eg:
— Eg ser ei liti sky som stig opp or havet;
ho er på storleik som ei mannshand. —

NOAH:
Sjå, vatn stig opp nordantil
og vert til ei elv som fløder over,
og det fløder utover landi og alt som i dei er,
byane og dei som i dei bur.
Menneski skrik, og alle som bur på jordi, barmar seg.

NB noter
this music is copyright protected

NAOMI:
*Høyr brusen av mange folk!*
*Det bruser som havet.*
*Høyr dunen av folkeslag!*
*Det dyn som veldige vatn.*
*Men han trugar dei, og dei flyr langt bort;*
*han let eim stiga opp frå enden av jordi,*
*sender eldingar med regn*
*og fører vind ut or gøymslone sine.*

# 15 Høyr brusen av mange folk




NB noter
This music is copyright protected




NB noter
This music is copyright protected




NB noter
This music is copyright protected




NB noter
This music is copyright protected

NAOMI:
Den syttande dagen i den andre månaden
i det året då Noah var seks hundrad år gamal,
den dagen brast alle brunnar i stordjupet,
og himmellukone let seg opp.
og regnet fossa ned på jordi i førti dagar og førti netter.

*NOAH:*
*Fjelli brånar under føtene mine,*
*og dalane rivnar - som vokset for elden,*
*som vatnet når det støyper seg utfor ein hamar.*
*Berga meg ut or søyla*
*og lat meg ikkje søkkja!*
*Frels meg, Gud, for vatni når radt til sjeli.*
*Eg er sokken ned i botnlaust dy,*
*der det inkje fotfeste er;*
*eg er komen ut i ovdjupe vatn,*
*og flodi fløymer over meg.*
*Vassflod ropar til vassflod ved duren av dine fossar;*
*alle dine brotsjøar og dine båror slær over meg.*

NB noter
This music is copyright protected

# 16 Fjelli brånar under føtene mine



This music is copyright protected




NB noter This music is copyright protected




NB noter This music is copyright protected




NB noter
This music is copyright protected


76
ro - par til vass - flod ved du - ren av di - ne
81
fos - sar.
f
B♭7(♭5)
86
mf
Al - le di - ne brot - sjø - ar
mp
f
C♯7(♭5)
F7(♭5)
91
f
og di - ne bå - ror slær
ff
A♭7(♭5)




NB noter
This music is copyright protected

HERREN
Gå inn i arki, du og heile ditt hus!
For deg hev eg røynt for ein rettvis mann i denne ætti.

NOAH:
Han tala og let det koma ein stormvind,
og den reiste havsens bylgjor.
Menneski fór opp imot himmelen,
dei fór ned i djupi.
Dei raga og tumla som drukne,
all deira visdom vart til inkjes.

NAOMI:
Og vatnet auka og lyfte arki, so ho flaut opp ifrå jordi.
Og vatnet steig høgre og høgre over jordi,
so alle dei høge fjelli under heile himmelen vart gøymde.

NOAH:
Som stein fór dei ned i djupet.
Du sende ut din ande, og havet gøymde dei,
dei sokk som bly i ville vatnet.

NAOMI:
Då døydde alt kjøt som røyvde seg på jordi,
både fuglar og bufee og villdyr
og alt det som urde og krydde på jordi,
og alt folket.
Alt som hadde livsandedrag i si nase,
alt som var på det turre landet, døydde.

NOAH:
Å om hovudet mitt var vatn,
og auga mitt ei tårekjelda!
Då skulde eg gråta dag og natt
over dei som er drepne i folket mitt.

NB noter
This music is copyright protected

NAOMI og NOAH:
*Hjarto våre ropar til Herren -*
*Du mur kring Sions dotter,*
*lat tårone renna som bekkjer dag og natt,*
*unn deg ingi kvild, gjev ikkje auga ditt ro!*
*Statt opp, ropa høgt om natti, når nattevaktene tek til!*
*Renn ut ditt hjarta som vatn for Herrens åsyn!*
*Dei vilde taka livet av meg,*
*dei vilde kasta meg i brunnen, og dei kasta stein på meg.*
*Vatnet flødde over mitt hovud; eg sa:*
*Det er ute med meg.*
*Eg kalla på ditt namn, Herre, or djupaste brunnen.*

# 17 Hjarto våre ropar til Herren




NB noter
This music is copyright protected


tå-ro-ne ren - na som bek-kjer dag og natt, unn deg in - gi kvild, gjev
Bb7 G7 (b9) E7
10
ik-kje au-ga ro.
Statt upp og ro - pa høgt når nat-te-vak-ti tek til.
Renn
Db7 F#7 Eb7 (b9)
13
ut ditt hjar - ta som vat - ten for Her - rens å - syn.
Lyf-ta di - ne hen - der til
C7 (b9) A7 D7 (b9)
NB noter
This music is copyright protected




NB noter
This music is copyright protected




NB noter This music is copyright protected




NB noter
This music is copyright protected


52
av meg,
mf
dei vil-de kas-ta meg i brun-nen
Eb7 (b9)
55
f
og dei kas-ta stein på meg.
ja, dei kas-ta stein på meg.
ja, dei kas-ta stein på meg.
ff
Vat-net fløde-de o-ver mitt
C7 (b9)
A7
NB noter
This music is copyright protected
58
p
Det er u-te med meg, eg kal-la på ditt namn,
mp
ho-vud.
Det er u-te med meg
Dm7
B7
F/G#


62
mp
Her - re or dju - pas - te brun - nen, eg
mp
or dju-pas-te brun - nen, or dju - pas - te brun - nen, eg
p
F7
B♭7
G7 (♭9)
65
p
kal - la på ditt namn or dju - pas - te brun - nen.
p
pp
kal - la på ditt namn or dju - pas - te brun - nen.
pp
E7
D♭7
F♯7
68
E♭7
E7
C♯7
E♭add9
NB noter
This image is copyright protected

# VI BERGINGI

NAOMI:

*Vatni såg deg, Gud,*
*vatni såg deg og bivra,*
*ja djupi skalv.*
*Gjenom havet gjekk din veg,*
*og dine fotefar vart ikkje kjende.*

NB noter
This music is copyright protected

# 18 Vatni såg deg, Gud






NB noter
This music is copyright protected




NB noter
This music is copyright protected




NB noter
This music is copyright protected

NAOMI:
Då kom Gud Noah i hug,
og Gud let ein vind fara over jordi, og vatnet fall.
Og brunnane i djupet og lukone på himmelen stengdest,
og regnet frå himmelen stogga.

NOAH:
Då, i den fjorde nattevakti,
kom han gangande burtimot oss over sjøen,
og då me såg han ganga på sjøen, vart me forfærde og sa:
Det er eit skrømt! og me var so redde at me skreik.

HERREN:
Det er eg. Ver ikkje redde.

NOAH:
Herre, er det du, so sei at eg skal koma til deg på vatnet!

HERREN:
Kom du!

NB noter
This music is copyright protected

NOAH:
So steig eg ut or båten og gjekk burtover vatnet
og vilde møta han.
Men då eg såg det harde veret,
vart eg redd og tok til å søkkja.

NOAH:
*Eg fann meg utpå djupet, midt i havet,*
*og havsens straumar kringsette meg;*
*og dine brot og bylgjor dei gjekk over meg.*
*Eg kjende meg støytt bort frå dine augo.*
*Men atter skal eg skoda mot ditt heilage tempel.*
*Vatni kringa seg om meg alt til sjeli,*
*og djupet det kringsette meg, og tang sveipte seg om hovudet;*
*radt til bergbotnane sokk eg ned,*
*jordheims bommar stengdest no for alltid.*
*Eg kalla no på Herren i mi naud, og Herren Gud han svara meg;*
*frå helheims buk so ropa eg, og Herren høyrde mi røyst.*
*og førde mitt liv opp or gravi, Herren min Gud!*

# 19 Eg fann meg utpå djupet




NB noter This music is copyright protected




NB noter
This music is copyright protected


25
mp
Jord-heims bom-mar steng-dest no for all-tid, for all-tid, for all - tid.
p
pp
mp
p
pp
mf
F♯7
G♯dim/F♯ G/F♯
Bm/F♯ F♯13
Bm9
29
Bm7
E7 A7
D7
F♯m7(♭5) B7(♭9)
33
Em9
C♯m7 F♯7
Bm7
G7(♭5) C♯7(♭5)
37
mf
Eg
F♯7
G♯dim/F♯ G/F♯
Bm/F♯ F♯13
Bm9
NB noter
This music is copyright protected




NB noter
This music is copyright protected

HERREN:
Kor lite tru du hev! Kvi tvila du?

NOAH:
Du rette ut handi frå høgdi og greip meg;
du drog meg opp or store vatn
Du let storm verta til stilla,
og bylgjone kringum dei tagna.

NAOMI:
So sende Noah ei duva ut ifrå seg
og vilde sjå om vatnet hadde sige undan frå marki.
Men duva fann ingen kvilestad for foten sin
og kom attende til han i arki.

NOAH:
So bia eg endå sju dagar og sende so duva ut att.
Og då det leid til kvelds, kom duva heim til meg,
og sjå, då hadde ho eit grønt oljetrelauv i nebben.

NAOMI:
Og den syttande dagen i den sjuande månaden
tok arki grunn og stana på Araratfjelli.
Og han tok taket av arki og såg utover,
og sjå, marki var turr.

NB noter
this music is copyright protected

NOAH:
*Eg kjende han ikkje,*
*men fordi han skulde openberrast åt Israel;*
*difor er det eg er komen og døyper med vatn.*
*Eg hev set Anden dala ned*
*som ei duva frå himmelen, og stana over han.*
*Eg kjende han ikkje,*
*men han som sende meg til å døypa med vatn,*
*han sa til meg:*
*Det kjem ein etter meg som er sterkare enn eg;*
*eg er ikkje verdig å bøygja meg ned og løysa skobandet hans.*

# 20 Eg kjende han ikkje




NB noter
This music is copyright protected


11
mp
mf
ned som ei du - va frå him - me - len, og sta - na o - ver
mp
mf
D11
Gadd9
Cmaj7
F♯7(♭5)
15
(Tenorsax)
han.
f
B7(sus4)
B7
Bm7
E7(♭9)
Em7
A7(♭9)
D
19
D/G
Em/C♯
F♯7(♭9)
Bm7
23
p
Eg
p
E9
Gmaj7
A13
D
NB noter
This music is copyright protected




NB noter
This music is copyright protected




NB noter
This music is copyright protected

HERREN:
Gå inn i byen!
Der møter de ein mann som ber ei krukka;
han skal de fylgja, og der han gjeng inn,
skal de segja til huseigaren:
Meisteren helsar: Kvar er romet mitt,
der eg kann eta påskemålet med læresveinane mine?
Og han skal syna dykk ein stor sal,
som stend ferdig med duka bord.

NAOMI:
Dei hev ikkje vin!

HERREN:
Kva vil du meg, kvinna? Mi tid er ikkje endå komi.

NAOMI:
(til Noah): Gjer alt han segjer til deg!

HERREN:
Fyll kjeri med vatn!
Aus so opp og ber det til kjøkemeisteren!

NOAH:
Kvar mann set først fram den gode vinen,
og når folk hev vortne drukne, den ringare;
du hev gøymt den gode vinen til no!

-------------

HERREN:
Lat meg få drikka!

NAOMI:
Korleis hev det seg at du som er jøde,
bed meg, ei samaritansk kvinne, om drikke?

HERREN:
Dersom du visste kven han er,
han som bed deg om drikka,
so bad du han, og han gav deg levande vatn.

NB noter
This music is copyright protected

NAOMI:
Herre, du hev ingen ting å draga opp med,
og brunnen er djup!
Kvar hev du då det levande vatnet frå?

HERREN:
Kvar den som drikk av dette vatnet vert tyrst att,
men den som drikk av det vatnet eg vil gjeva han,
vert aldri tyrst meir, for det vatnet eg gjev han,
vert i han til ei kjelda med vatn
som vell opp til æveleg liv.

------------

NAOMI:
So reiser han seg frå bordet
og tek eit handklæde,
slær vatn i vaskefatet og tek til å två føtene våre
og turkar dei med linklædet.

NOAH:
— Herre, tvær du mine føter? —

HERREN:
Kva det er eg gjer, veit du ikkje no,
men du skal skyna det sidan.

NOAH:
Aldri i verda skal du två mine føter.

HERREN:
Dersom eg ikkje tvær deg,
hev du ingen ting i hop med meg.
Og hev no eg, herren og meisteren, tvege føtene dykkar,
so hev de og den skyldnaden
at de skal två føtene åt kvarandre.

----------------

NB noter
this music is copyright protected

NAOMI:
Då dei kom og såg at han alt var slokna,
braut dei ikke hans bein sund;
men ein av hermennene stakk han i sida med eit spjot,
og straks kom det ut blod og vatn.

NOAH:
*Han er den som kom med vatn og blod,*
*ikkje berre med vatnet,*
*men med vatnet og blodet,*
*og Anden er den som vitnar; for Anden er sanningi.*
*og dei er tri som vitnar:*
*Anden og vatnet og blodet,*
*og desse tri gjeng ut på eitt.*

NB noter
This music is copyright protected

# 21 Han er den som kom med vatn




10
vat - net, men med vat - net og blo - det,
13
f
og An - den er
f
Em
16
den som vit - nar; for An - den er san - nin - gi.
19
mf
og dei er tri
mf
C♯m
This music is copyright protected
NB noter




NB noter
This music is copyright protected

HERREN:
Den gong, i Noahs dagar,
venta mi langmod medan arki vart bygd,
der nokre få — åtte sjeler — vart frelste gjenom vatn,
det som no og frelser dykk i motbiletet sitt, dåpen,
eit godt samvits pakt med Gud
ved mi oppstoda.

NOAH:
Fedrene våre var alle under skyi
og gjekk alle gjenom havet
og vart alle døypte til Moses i skyi og i havet,
for dei drakk av det åndelege berget som fylgde dei,
og berget var — Kristus.

NB noter
This music is copyright protected

# VII LOVNADEN

HERREN:
Den dagen du for ned i helheimen,
let eg vassdjupet syrgja.
Eg klædde Libanon i svart for di skuld,
og alle tre på marki ormektast for di skuld.

NOAH:
Var det ikkje du som turka ut havet,
vatnet i stor-djupet, og som gjorde havbotnen til veg,
so det frelste folket kunde fara der?

HERREN:
Skynar du vel korleis Gud styrer skyene
og let ljon skimta fram or dei?
Skynar du underi åt den Allvise,
du som læt ille av di klædi vert so heite,
når jordi ligg der dormande i sunnanvind?
Kann du vel kvelva himmelen,
fast som ein spegel, gjord av støypt metall?

NB noter
This music is copyright protected

NOAH:
*Straks vart eg burtrykt i åndi,*
*og sjå, ein kongsstol stod i himmelen,*
*og det sat ein på stolen.*
*Og han som sat der, var sjåande til*
*liksom jaspis og sarderstein,*
*og det var ein regnboge rundt om stolen,*
*å sjå til liksom ein smaragd.*
*Og frå lendene og nedetter såg eg noko liksom eld å sjå til,*
*med eit strålande skin rundt ikring;*
*liksom syni av bogen i skyi på ein regndag.*

# 22 Straks vart eg bortrykt i åndi





NB noter This music is copyright protected




NB noter This music is copyright protected


45
f
ff


49

HERREN:
Ei pakt vil eg gjera med dykk,
aldri meir skal det koma ei flod
som legg jordi øyde.
Bogen min set eg i skyi;
han skal vera eit merke på pakti millom meg og jordi.
Og so tidt eg let skyer skyggja over jordi,
og bogen ter seg i skyi,
då skal eg koma i hug den pakti
som er millom meg og dykk
For om fjelli vik og haugane vert rikka,
so skal ikkje nåden min vika frå deg.
Ein rettvis skal råda over menneskja,
ein som rikjer i otte for Gud;
han skal likjast på morgonljoset når soli renn.

NOAH:
*Fer eg gjenom vatn, so er han med meg,*
*gjenom elvar, so skal dei ikkje fløyma over meg;*
*gjeng eg gjenom eld, skal eg ikkje svida meg,*
*og logen skal ikkje brenna meg.*

NB noter
This music is copyright protected

# 23 Fer eg gjenom vatn




NB noter
This music is copyright protected




NB noter This music is copyright protected




NB noter
This music is copyright protected


31
mp
mf
mp
ik - kje svi - da meg, ik - kje svi - da meg, lo - gen,
ik - kje svi - da meg, ik - kje svi - da meg, lo - gen skal ik - kje,
A7 A7/G Dm/F A7/E Dm Dm/C♯
34
mf
f
lo - gen skal ik - kje bren - na meg.
lo - gen skal ik - kje, lo - gen skal ik - kje bren - na meg.
Dm/C Dm/B Dm/B♭ Am7 Gm/E A7
37
mp
Fer eg gjen - om vat - ten, Fer eg gjen - om vat - ten,
Fer eg gjen - om vat - ten, Fer eg gjen - om vat - ten,
Gm7 C13(♭9) Fmaj6 Fmaj6/E Dm7 Am7/C
NB noter
This music is copyright protected




NB noter This music is copyright protected

NOAH:
Og eg såg ein ny himmel og ei ny jord;
for den første himmelen og den første jordi hadde kvorve bort,
— og havet er ikkje meir. —
Og han synte meg ei elv med livsens vatn,
som rann klår som krystall,
ut frå kongsstolen åt Gud og Lambet.

HERREN:
Er det nokon som er tyrst, so lat han koma til meg og drikka!
Den som trur på meg,
frå hans liv skal det renna elvar med levande vatn.
De skal ikkje lenger hungra og ikkje lenger tyrsta;
ikkje heller skal soli falla på dykk, eller nokon hete;
for Lambet, som er midt framfor kongsstolen,
skal vakta dykk og leida dykk til livsens vasskjeldor,
og eg skal turka kvar ei tåra frå augo dykkar.

NOAH:
Og han sa til meg:

NB noter
This music is copyright protected

HERREN:
Det er gjort.
Eg er Alfa og Omega,
opphavet og enden.
Eg vil gjeva den tyrste
av kjelda med livsens vatn for inkje.

NAOMI:
Og Anden og bruri segje: Kom!
Og den som høyrer det segje: Kom!
Og den som er tørst, han kome,
og den som vil, han take livsens vatn for inkje!

NAOMI:
*./. Alle mine kjeldor er i deg ./.*
*Kor dyrverdig er di miskunn, Gud!*
*Mannsborni flyr inn i skuggen av dine venger.*
*Dei vert mette til fullnad av det feite i ditt hus,*
*og av din overflødande fagnad gjev du dei å drikka.*
*For hjå deg er livsens kjelda, i ditt ljos ser me ljos.*

# 24 Alle mine kjeldor er hjå deg




NB noter
This music is copyright protected




NB noter
This music is copyright protected


27
Al- le mi- ne kjel - dor er i deg, Her- re! Manns- bor - ni vert met - te av det
Dmaj9 Aadd9/C♯ Bm9 Dm6/C♯ C♯7 F♯m F♯m/F
30
fei - te i ditt hus, og av din fag - nad gjev du dei å drik - ka.
F♯m/E F♯m/D♯ Dmaj7 F♯m/C♯ Bm7 E7(♭9) E7
33
Kor dyr - ver - dig er di mis - kunn, Kor dyr- ver - dig er di mis - kunn,
A A/G♯ F♯m7 A/E Dmaj9 Aadd9/C♯ Bm9 Dm6/C♯ C♯7
37
Gud! For hjå deg er liv - sens kjel - da, i ditt ljos ser me ljos.
F♯m F♯m/F F♯m/E F♯m/D♯ Dmaj7 F♯m/C♯ Bm7 E7(♭9) E7
This music is copyright protected




NB noter
This music is copyright protected

NOAH:
Ved tru var det, då Gud varsla meg
om det som ein ikkje såg endå,
at eg med heilag otte bygde ei ark
til frelsa for mitt hus;
ved henne fordømde eg verdi
og vart erving til den rettferd som er av tru.

NOAH:
*Eg skal få døy i reiret mitt,*
*og talrike som sand skal mine dagar verta.*
*Til roti mi skal vatnet kunna koma,*
*og nattedogg skal falla i mi kruna.*
*For alle lyt me døy og vera liksom vatnet*
*som er utrent på marki og ikkje kann samlast opp att.*

NB noter
This music is copyright protected

# 25 Eg skal få døy i reiret mitt






NB noter
This music is copyright protected




NB noter
This music is copyright protected

HERREN:
Dei venta på min tale som på regn,
dei opna munnen som for vårregn!

NB noter
This music is copyright protected

*Et extraxit me de aquis multis*
Sofiemyr, 10. juni 1993